



# SMART adventskalendar 2023

<p><b>1. desember</b></p> <p>Sei hei til alle du møter.</p> 	<p><b>2. desember</b></p> <p>Fortel ein vaksen heime kva det vil seie å ta ansvar. Kva har du lyst til å ta meir ansvar for?</p>	<p><b>3. desember</b></p> <p>Spel eit spel saman med nokon.</p> 	<p><b>4. desember</b></p> <p>Spør to personar kva dei gjorde i går. Vis interesse for det dei seier og gi ein positiv kommentar.</p>	<p><b>5. desember</b></p> <p>Skriv tre eigenskapar du er god på, og kvifor du meistrar disse.</p>
<p><b>6. desember</b></p> <p>Fortel einkvan du kjenner kva du tykkjer h*n er god til.</p> 	<p><b>7. desember</b></p> <p>Lær deg ei gåte og fortel den til andre.</p> 	<p><b>8. desember</b></p> <p>Skriv to eigenskapar du tykkjer dei vaksne heime er gode på. Gi lappen heime.</p>	<p><b>9. desember</b></p> <p>Overrask ein av naboane dine. Skap t.d. ei snølykt eller lag og gi bort eit hyggeleg kort.</p>	<p><b>10. desember</b></p> <p>Gi mat til fuglane.</p> 
<p><b>11. desember</b></p> <p>Skriv to eigenskapar du ynskjer å betre, og kvifor.</p>	<p><b>12. desember</b></p> <p>Vis godt samarbeid med ein eller fleire.</p> 		<p><b>13. desember</b></p> <p>Teikn og skriv om ein gong du viste mot.</p> 	<p><b>14. desember</b></p> <p>Lær deg å seie <i>god jul</i> på fleire språk. På kor mange språk kan du seie det?</p>
<p><b>15. desember</b></p> <p>Tenk på noko bra du har gjort den siste veka. Del det med minst to andre.</p>	<p><b>16. desember</b></p> <p>Hjelp til med kjeldesortering og gå ut med boset.</p>	<p><b>17. desember</b></p> <p>Lag kveldsmat til ein eller fleire i familien.</p> 	<p><b>18. desember</b></p> <p>Skriv eller teikn tre ting som er bra med å gå i din barnehage/ på din skule.</p>	<p><b>19. desember</b></p> <p>Syng ein julesong saman med andre.</p>
<p><b>20. desember</b></p> <p>Fortel kvifor du er ein god ven.</p> 	<p><b>21. desember</b></p> <p>Fortel nokon kva som får deg i godt humør. La dei fortelje det same til deg.</p>	<p><b>22. desember</b></p> <p>Kos deg med ein julefilm.</p> 	<p><b>23. desember</b></p> <p>Ring til einkvan du kjenner og sei god jul.</p> 	<p><b>24. desember</b></p> <p>Skriv eller teikn noko som gjer deg glad. Vis det til nokon du er saman med.</p>



# SMART adventskalender 2023

For barnehage, skule eller i heimen.

**Tel du òg ned dagane til julaftan?**

**Kort ned ventetida med å gjere noko hyggeleg for deg sjølv eller dei rundt deg. Kvar dag i desember finn du oppgåver der du kan trene på nettopp dette.**

**Når oppgåva er gjennomført kan du sjå på eigenskapane under:**

- ❖ **Kva eigenskapar vart brukt og kvifor?**
- ❖ **Korleis var det for deg å gjere oppgåva?**
- ❖ **Korleis trur du det eventuelt var for andre?**
- ❖ **Korleis kan du gjere meir av dette seinare?**

SMART oppvekst



© SMART OPPVEKST • RE KOMMUNE

Med ønske om ei SMART førjulstid  
frå oss på SMART-senteret!